



Helgesen Tekniske Bygg AS
Larissa Dahl
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3424 - 14/10757

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
06.05.2014

Igangsettingsløyve 2 og endring av løyve - gbnr 214/119 Fyllingsnes - tilbygg verkstad

Vedtak

Kommunen godkjenner endring av løyve til etablering av tiltak i samsvar med reviderte teikningar og skildring mottatt 07.04.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Vilkår.

Prosjektering og utføring skal vera i samsvar med vilkåra i arbeidstilsynet sitt vedtak.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett ved rammeløyve:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde	Org.nummer
Helgesen Tekniske - bygg AS	S	Ansvarleg søkjar	965012044

Ved søknad om løyve til igangsetting vert også ansvarsrett godkjent for:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde	Org. nummer
Helgesen Tekniske - bygg AS	S	PRO, T1, overordna ansvar unntatt VA – installasjonar, brannalarm og nødlis	965012044
Helgesen Tekniske - bygg AS	S	UTF, T1, overordna ansvar unntatt VA, grunn- og betong, brannalarm og nødlis	965012044
Helland Elektro AS	S	PRO/UTF, T2, brannalarm og nødlis	93030158
Lindås Rør & Sanitær AS	S	PRO/UTF, T1, komplett sanitæranlegg med grunnleidningar og opplegg	935347920
Lindås Rør & Sanitær AS	S	PRO/UTF, T1, varmeanlegg med varmepumpe og radiatorer	935347920



Søknaden

Søknaden gjeld små endringar innafor dei BRA/BYA som er godkjent. I medhald av reglane i plan- og bygningslova §21-3 vert det difor gjeve unntak frå krav om **nabovarsling** av endringa.

Saksgang/historikk

Rammeløyve gjeve 26.09.2011 og løyve til igangsetting gjeve 18.09.2012.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

10.2. Søknadspliktige tiltak	Gebyr
10.2.8 Søknad om igangsetting	Kr. 2.800,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett. Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning x 2	Kr. 2.000,-
SUM	Kr. 4.800,-

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.